



Tysseland Arkitektur AS  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1192 - 22/40251

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
25.05.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 318/12 Sagstad øvre

**Tiltak:** Bustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 318/12  
**Tiltakshavar:** Erik Knag Johannesen  
**Ansvarleg søkjar:** Tysseland Arkitektur AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om igangsetjing av heile tiltaket den 28.04.2022. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi viser her til samtale med ansvarleg søkjar per telefon i dag.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjennomføringsplanen må oppdaterast  
Gjennomføringsplanen skal visa oversikt over ansvarsområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene for heile tiltaket (PRO, UTF og kontroll). Sidan erklæringar om ansvarsrett for utførande føretak kan sendast inn etter at igangsetjingsløyve er gitt, vil gjennomføringsplanen berre visa oppgåvene som skal gjennomførast og ikkje kva føretak som skal utføra arbeidet dersom føretak ikkje er avklart.
2. Oppdatert/klargjering av ansvarsrettar  
Før det vert gjeve igangsetjingsløyve skal det erklærast ansvarsrett for alle fagområde som omfattar prosjektering. Det er vanskeleg for kommunen å vurdera om nødvendige erklæringar for prosjektering ligg føre. Ansvarsområda må identifiserast og skildrast.
3. Bustaden skal knytast til kommunalt vass- og avløpsanlegg. Eigedomen er tilknytt offentlig vassforsyning i dag. Tilkoplingspunkt og leidningstrase for avløp må visast på kart og det må gjerast greie for/dokumenterast at eventuelle rettar til framføring av

